

---

**Fra:** Audun Sylta [<mailto:a.sylta@online.no>]

**Sendt:** tirsdag 8. januar 2019 20:25

**Til:** Jon Askeland; [anneberitpalmesen@outlook.com](mailto:anneberitpalmesen@outlook.com); Kirsti Gjetle Floen; Jostein Borlaug; Else Marie Skartveit Dale; 'Murberg, Kenneth Taule'; Vidar Grindheim; Roy Bø

**Emne:** Arealplan Radøy kommune - Risnes krins.

God kveld og godt nytt år til dykk alle.

Sender brev til formannskapet etter oppdrag frå styret i Risnes krins grunneigarlag. Vonar at de kan ta dette med i vurderinga i samband med delrevisjonen av kommuneplanen.

Med venleg helsing

Audun Sylta

Formannskapet  
Radøy kommune  
5936 Manger

### **1. Kommuneplan – delrevisjon - frist 15.01.2019.**

Syner til utlagt revisjon av kommuneplan og våre tidlegare innspel fra 2015, 2017 og januar 2018. Radøy kommune inviterte til rullering av delar av kommuneplanen i 2014. Risnes krins grunneigarlag starta som følge av dette eit omfattande arbeid med kartlegging, bygdemøter og utarbeiding av eit dokument som skulle vera vårt innspel til kommunen. Dette vart avslutta og innsendt i mai 2015. Etter avtale med Risnes krins grendalag v/Tore Villanger hadde vi møte med formannskapet 4.mai 2017 på Rikstad bedehus. Der fekk vi saman med grendalaget høve til å presentere planen og bygda for politikarar og administrasjon.

Grunneigarlaget og krinsen har lagt ned eit stort arbeid i dokumentet som vart sendt Radøy kommune i mai 2015 og vi er skuffa over at lite og ingenting av våre innspel vart lytta til ut frå høringsdokumentet som no er lagt ut på kommunen sine heimesider.

Vi har tatt dette opp muntleg med ordførar Jon Askeland i veke 50/2018 . I forståing med ordførar sender vi no dette brevet til formannskapet.

#### Auka busetjing.

Dette ser vi på som første prioritet for krinsen. Reell tilgang til bustadomter og tilgang til sjø er heilt avgjerande. Det er lagt inn fleire områder for busetnad i krinsen, noko som vi er svært glad for. På den andre sida er det også lagt inn krav om regulering noko som i utgangspunktet ofte er ein fordel, men det føreset at ein har tilstrekkeleg mange etablerarar som ein kan dela kostnadane på.

#### Mogelege tiltak:

Kommunen går inn og overtar og utarbeider reguleringsplan for større tomteprosjekt. Kommunen fråfelli krav om reguleringsplan for mindre bustadfelt og spredt bustadbygging. Det vert lagt til rette for tilgang til båtplassar og båthavner for å tiltrekke seg ungdom som ønsker å etablere seg i området.

Vi føler tross alt at vi er inne i ein etter vår målestokk positiv utvikling då det er bygd 4 nye hus av unge familiar i krinsen dei seinare åra, men dispensasjonssaker i LNF-område er som kjent ein lang prosess med usikkert resultat. Interessen syner at det er vilje til busetjing frå den yngre garde, men det er berre dei som er frå garden og i tillegg har ei svært tålmodig ektefelle som orkar å stå løpet ut.

Når vi går tilbake til revisjonen som vart utlyst i 2014 var det berre delar av planen som vart tatt opp til revisjon:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde bustadeigedommar i LNF, kulturminne og havområda
- Strandsona, byggegrense mot sjø, arealformål i sjø og havområda
- Heilårs bustader i LNF, frådelte eigedomar med eksisterande heilårs bustader

Vårt innspel frå mai 2015 er nok meir omfattande enn rullering av kommuneplanen la opp til, men det vi peikar på som mogelege tiltak er etter vårt syn innanfor den utlyste revisjonen.

Vi ber uansett formannskapet å sjå på innspelet då vi meiner at det har i seg mange fornuftige tankar om bygdeutvikling generelt og spesielt for denne delen av Radøy.

Med venleg helsing  
Risnes Krins Grunneigarlag  
Audun Sylta  
leiar